



Løyve etter forureiningslova til utslepp frå anleggsverksemd i samband med bygging av Fv. 50 Vassbygdtunnelen for Vestland fylkeskommune i Aurland kommune

Statsforvaltaren gir Vestland fylkeskommune løyve med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16. Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar i søknad av 7. mai 2024 og andre opplysningar som kom fram under sakshandsaminga. Løyvet gjeld frå dags dato og fram til anleggsarbeida er avslutta.

Dersom de ønskjer endringar utover det som er opplyst i søknaden eller under sakshandsaminga og som kan ha miljømessig betydning, må de på førehand avklare dette skrifteleg med Statsforvaltaren.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er teke i bruk innan fem år skal de sende melding til Statsforvaltaren om forventa oppstart, status i prosjektet med beskriving av eventuelle endringar som endrar risiko for forureining og evt. behov for endra avbøtande tiltak . Statsforvaltaren vil då vurdere behov for eventuelle endringar i løyvet og om endring av løyvet krev ny søknadsrunde.

Data om verksemda

Bedrift	Vestland fylkeskommune
Postadresse	Askedalen 3, 6863 Leikanger
Besøksadresse	Askedalen 4, 6863 Leikanger
Organisasjonsnummer/ eigm av	923 722 890 / 923 722 424

Statsforvaltaren sine referansar

Løyvenummer	Anleggsnummer
2024.0445.T	4641.0035.01 Mellombels masselager 4641.0036.01 Reinseanlegg anleggsvatn frå tunnel
Arkivnummer	2023/16447

Løyve gitt første gong: 31. mai 2024	Endringsnummer:	Løyve sist endra:
Sondre Kaastad Sørsdal rådgjevar		Magne Nesse senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk



Endringslogg

Endringsnummer	Endringar av	Vilkår	Endringar



Innhald

1	Rammevilkår	5
1.1	Omfang	5
1.2	Varsel om oppstart.....	5
2	Generelle vilkår.....	5
2.1	Utsleppsavgrensingar	5
2.2	Plikt til å redusere forureining så langt som mogeleg.....	5
2.3	Plikt til førebyggjande vedlikehald	5
2.4	Tiltak ved auka forureiningsfare.....	5
2.5	Miljøriskovurdering av anleggsarbeida	6
2.6	Ansvar	6
2.7	Erstatningsansvar	6
2.8	Sakshandsaming etter anna lovverk.....	6
3	Internkontroll, beredskapsplan og akutt forureining	6
3.1	Internkontroll	6
3.2	Beredskapsplan	7
3.3	Varsling om akutt forureining.....	7
4	Utslepp til vatn.....	7
4.1	Reinsing av utslepp frå tunneldriving og frå riggområde	7
4.2	Drifts- og tømmerutinar for reinseanlegg.....	8
4.3	Utslepp av tunnelvatn, anleggsvatn og avrenning frå deponiområder	8
4.4	Avrenning frå mellombels deponiområde.....	9
5	Utsleppskontroll.....	9
5.1	Reinsing av utslepp	9
6	Kjemikal	10
7	Avfall	10
7.1	Generelle krav	10
7.2	Handtering av farleg avfall	10
7.3	Handtering av slam frå reinseanlegg.....	10
7.4	Plast.....	11
8	Kontroll- og overvakingsplan.....	11
8.1	Plan for kontroll og overvaking	11
8.2	Førebyggjande tiltak.....	11
9	Rapportering og dokumentasjon.....	11
9.1	Rapportering før oppstart	11
9.2	Sluttrapport.....	11



10	Tilsyn	12
Vedlegg 1	Liste over prioriterte miljøgifter.....	13



1 Rammevervilkår

1.1 Omfang

Løyvet omfattar utslepp av reinsa tunnel- og anleggsvatn frå anleggsfasen ved etableringa av Fv. 50 Vassbygdtunnelen og bruk av mellombels deponiområde på gnr./bnr. 30/1 i Aurland kommune.

Det omsøkte tiltaket omfattar utslepp og/eller diffus avrenning frå:

- Tunneldriving
- Rigg- og anleggsområde
- Mellombels deponiområde for overskotsmassar

Statsforvaltaren legg til grunn at tiltaka skal gjennomførast som nemnt i oppdatert søknad av 7. mai 2024 med mindre anna er avtala med Statsforvaltaren. Bruk av mellombels deponiområde kan ikkje skje før detaljreguleringsplan er vedteken.

1.2 Varsel om oppstart

Statsforvaltaren skal varslast om oppstart av dei ulike delane av anleggsarbeidet seinast ei veke før anleggsarbeida startar. Det kan varslast med ein e-post til sfvlpst@statsforvalteren.no.

2 Generelle vilkår

2.1 Utsleppsavgrensingar

Dei utsleppskomponentane frå verksemda som er forventa å ha størst verknad på miljøet, er uttrykkeleg regulerte gjennom spesifikke vilkår i dette løyvet. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulerte på denne måten, er også omfatta av løyvet så langt opplysninga om slike utslepp kom fram i samband med saksbehandlinga, eller må reknast for å ha vore kjende på annan måte då vedtaket vart gjort. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av dei prioriterte miljøgjiftene oppførte i vedlegg 1. Utslepp av slike komponentar er berre omfatta av løyvet dersom dette går fram gjennom uttrykkeleg regulering i spesifikke vilkår i dette løyvet.

2.2 Plikt til å redusere forureining så langt som mogeleg

All forureining frå verksemda, medrekna utslepp til luft og vatn, støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa vert haldne innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere utsleppa sine, medrekna støy, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar som det ikkje er sett uttrykkelege grenser for gjennom vilkår i dette løyvet.

2.3 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda sørge for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan ha noko å seie for utsleppa. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumenterte.

2.4 Tiltak ved auka forureiningsfare

Dersom det oppstår fare for auka forureining skal verksemda så langt det er mogleg utan urimelege kostnader setje i verk tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren. Om nødvendig må verksemda redusere eller innstille drifta.



Tiltakshavar skal så snart som mogeleg informere Statsforvaltaren om unormale tilhøve som har eller kan føre til vesentleg auka forureining eller forureiningsfare. Akutt forureining skal i tillegg varslast i samsvar med vilkår 3.3.

2.5 Miljøriskovurdering av anleggsarbeida

Dette løyvets vilkår er basert på dei miljøriskovurderingane som er utførd i søknad om løyve etter forureiningslova og dei forslag til avbøtande tiltak som er omsøkte for å redusere fare for forureining til eit akseptabelt nivå.

Verksemda plikter å ha oversikt over alle aktivitetar og forhold som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risiko. Ved endra forhold skal miljøriskovurderinga oppdaterast. Resultata skal vurderast opp mot akseptabel miljørisko.

Med utgangspunkt i risikovurderinga skal verksemda iverksette risikoreduserande tiltak. Både sannsyn- og konsekvensreduserande tiltak skal vurderast. Tiltakshavar skal ha ein oppdatert plan over risikoreduserande tiltak, og sikre at tiltak herifrå vert innarbeida og gjennomført. Oppdatert ytremiljøplan/miljøoppfølgingsplan basert på tilsvarande hos valte entreprenørar skal sendast Statsforvaltaren før oppstart.

Plikt til å gjennomføre risikoanalyse med omsyn til akutt forureining følgjer av vilkår 3.3

2.6 Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for å sikre og dokumentere at vilkåra i dette løyvet vert stetta. Tiltakshavar pliktar å ha oversikt over alle aktivitetar som kan medføre forureining og kunne gjere greie for risikoforhold. Tiltakshavar pliktar vidare å orientere vedkommande som skal gjennomføre tiltaka om de vilkår som gjelder, samt de restriksjonar som er lagt på arbeidet.

2.7 Erstatningsansvar

Sjølv om løyve er gitt, pliktar den som forårsakar forureining eller annan type skade å svare for erstatning som måtte følge av alminnelege erstatningsreglar.

2.8 Sakshandsaming etter anna lovverk

Dette løyvet fritek ikkje for handsaming etter anna lovverk som er relevant i saka. Dersom deponiområda blir lagt i bekk og/eller vassdrag må det vurderast om det krevst løyve¹ til tiltak i vassdrag.

3 Internkontroll, beredskapsplan og akutt forureining

3.1 Internkontroll

Tiltakshavar pliktar å etablere internkontroll for verksemda si i medhald til internkontrollforskrifta². Internkontrollen skal blant anna sikre og dokumentere at tiltakshavar stettar krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrollova³ og andre relevante forskrifter til desse lovene. Tiltakshavar plikter å halde internkontrollen oppdatert.

¹ Forskrift om fysiske tiltak i vassdrag FOR-2004-11-15-1468

² Systematisk helse -, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter – forskrift av 06.12.1996 nr 1127 (internkontrollforskriften)

³ Produktkontolloven av 11.06.1979 nr 79



Når ein tiltakshavar som oppdragsgivar engasjerer oppdragstakar (entreprenør eller lignande) til å utføre oppgåver på tiltakshavars anlegg, skal oppdragsgivar sørge for at oppdragstakar er kjent med og har internkontrollsysteem i tråd med løvvets vilkår.

Tiltakshavar plikter alltid å ha oversikt over alle aktivitetar og forhold som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risiko. På basis av miljørisikoanalyse skal tiltakshavar sette i verk miljørisikoreduserande tiltak.

3.2 Beredskapsplan

Den ansvarlege skal sørge for å ha ein nødvendig beredskap for å hindre, oppdage, stanse, fjerne og avgrense påverknad av akutt forureining for si verksemnd, jf. forureiningslova § 40. Beredskap skal stå i et rimeleg forhold til sannsyn for akutt forureining og omfanget av skadane og ulempene som kan inntrefje. Beredskapsplikta inkluderer også utstyr og kompetanse til å fjerne og avgrense verknaden av forureininga.

Tiltakshavar skal utarbeide beredskapsplan for tiltaket. Ved endra forhold skal beredskapsplanen oppdaterast. Beredskapsplanen skal vere tilgjengeleg og kjent for dei som utfører arbeid der akutte hendingar i flg. planen, kan oppstå.

3.3 Varsling om akutt forureining

Ved akutt forureining eller fare for akutt forureining som følge av tiltaket, skal den ansvarlege straks varsle på telefon 110, etter Forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining fastsett av Miljøverndepartementet 9. juli 1992. Statsforvaltaren skal også varslast.

4 Utslepp til vatn

4.1 Reinsing av utslepp frå tunneldriving og frå riggområde

Verksemda skal etablere reinseløsningar og avbøtande tiltak for å redusere utslepp av partiklar, partikelbunden forureining og olje slik at det ikkje fører til skade eller ulempe for miljøet, jamfør dei fastsette grenseverdiane i vilkår 4.3.

Reinseløsningar skal dimensjonerast basert på best tilgjengeleg fagkunnskap og teknikk. Reinseanlegga skal vere dimensjonert for maksimal reell vassmengd og tilstrekkeleg opphaldstid, og de skal ha tilfredsstillande sikring mot akuttutslepp. Ekstreme værforhold må vere inkludert i risikovurderinga og beredskapsplanen. Dokumentasjon om dimensjonering av reinseanlegget skal vere tilgjengeleg ved kontroll eller førespurnad frå forureiningsmyndighetene.

Utslepp av olje, smørefeitt og drivstoff i større omfang vil vere knytt til uhell/lekkasjar på maskiner og utstyr under anleggsarbeidet. Det skal etablerast rutinar for påfylling av drivstoff, vedlikehald av maskinpark m.m. med formål å redusere forureining til grunn og recipient. Ved eventuelle punktutslepp av olje, drivstoff, smørefeitt eller annet skal mest mogleg samlast opp. Absorbentar skal vere tilgjengeleg der slik forureining kan oppstå. Maskiner skal ikkje vaskast i nærleiken av recipientar eller i områder som ikkje er tilrettelagt for vask. Vaskeplassar skal ha tett dekke og oljeutskiljar, og tilfredsstille utsleppskrava i vilkår 4.3.



4.2 Drifts- og tømmerutinar for reinseanlegg

Det skal utarbeidast drifts- og tømmerutinar for reinseanlegga. Bassengene skal rutinemessig tømmast for sand, olje og slam slik at nødvendig oppholdstid alltid overhaldast. Kritisk slaminivå som sikrar anleggets funksjon skal merkes og vere synleg, det skal også vere mogleg å måle slaminivå i bassenget. Drifts- og tømmerutinar for reinseanlegga skal kunne vises fram ved ein eventuell kontroll.

Det må først jamleg kontroll med reinseanlegga/reinseløysningane. Desse må tømmast og reingjerast ved behov. Det skal utarbeidast og settast i verk eit kontrollprogram med tilhøyrande skriftlege internkontrollrutinar og driftsinstrukser m.m. for å følgje opp drift av reinseanlegg i anleggsperioden. Rutinane må som eit minimum skildre:

- Drifts- og tømmerutinar for reinseanlegg. Basseng skal rutinemessig tømmast for sand, olje og slam slik at nødvendig oppholdstid til ei kvar tid vert halde
- Visuell inspeksjon av reinseanlegg og visuell kontroll av recipient
- Avvikshandtering av forhold som gjeld uønskt ytre miljøhendingar som har betydning for drift av reinseanlegg, sedimenteringsbasseng m.m.
- Prøvetaking slik at krava til utslepp frå reinseanlegga/reinseløysningane vert haldne

4.3 Utslepp av tunnelvatn, anleggsvatn og avrenning frå deponiområder

Tunnelvatn omfattar innlekkasjenvann og vatn frå boring/driving av tunnel. Anleggsvatn er vatn frå riggområder, dagsone, og deponiområde for mellombels lagring av massar. Grenseverdiar for utslepp skal overhaldast for alt utslippsvatn i heile anleggsperioden. Grenseverdiane gjeld for reinsa tunnel- og anleggsvann, og prøvene skal tas ved utløpet til reinseanlegget i periodar der det føregår utslepp.

Tabell 1. Oversikt over parameter, utsleppsgrensar, og prøvetakingsfrekvens.

Parameter	Grenseverdi: Vassbygdvatnet og Aurdalselvi	Prøvetaking
Suspendert stoff (SS)	100 mg/l	Stikkprøve kvar veke
Olje/THC	5 mg/L	Stikkprøve kvar veke
pH	6 – 8,5	Kontinuerlege målingar
Turbiditet	Alarmgrense skal etablerast på bakgrunn av lineær samanheng mellan prøveresultat for suspendert stoff og turbiditet	Kontinuerlege målingar

Midlingstider og prøvemetoder skal beskrivast i måleprogram, jf. vilkår 5.



4.4 Avrenning frå mellombels deponiområde

Delar av gnr./bnr. 30/1 kan nyttast til lagring av overskotsmassar frå Vassbygdtunnelen i samsvar med reguleringsføreseggnene⁴ i detaljreguleringsplanen når reguleringsplanen er godkjend. I tillegg skal følgjande tiltak etablerast:

Sprengsteinsmasser og gravemassar skal lagrast separat på tett dekke med oppsamling av avrenningsvatnet. Massane skal tildekkast for å redusere utvasking av finstoff pga. nedbør. Avrenningsvatnet skal gjennomgå reinsing og skal stette utsleppsgrensene gitt i tabell 1.

5 Utsleppskontroll

5.1 Reinsing av utslepp

Verksemda skal utarbeide eit måleprogram som inneholder dei parameterane som er nemnt i vilkår 4.3. Sidan akkreditert metode for suspendert stoff må baserast på stikkprøvar, skal utsleppet også målast kontinuerleg for turbiditet. Måleprogrammet skal beskrive metode for å etablere ein samanheng mellom suspendert stoff og turbiditet, forslag til midlingstider og alarmgrenser m.m. Når det er etablert ein lineær samanheng mellom prøveresultat for suspendert stoff og turbiditet, så kan målingane baserast på turbiditet med alarmgrenser og midlingstider. Forslag til dette skal beskrivast i måleprogrammet. Målingar skal utførast slik at dei er representative for verksemdas faktiske utslepp. Dersom turbiditeten overstig alarmgrensa for utsleppspunkta, skal utsleppet stansast, årsaksforhold avklarast og nødvendige avbøtande tiltak settast i verk. Det same gjeld ved overskridning av grenseverdi for pH.

Prøvetaking skal utførast av kvalifiserte personar med nødvendig kompetanse. Prøvetaking og analyse skal utførast etter Norsk Standard (NS), og laboratoriet skal vere akkreditert for analysane.

Måleprogrammet skal beskrive både prøvetaking, analyse og/eller berekning, av dette:

- Prøvetakings- og analysemetode.
- Val av måleperioder/-tidspunkt som gir representative prøver.
- Berekningsmodeller og utsleppsfaktorar som nyttas.
- Berekning av usikkerheit i målingane for rapporteringspliktige komponentar.

Verksemda er ansvarleg for at metodar og utføring er forsvarleg kvalitetssikra, blant anna ved å:

- Utføre målingane etter norsk standard. Dersom det ikkje finnes, kan internasjonal eller utanlandsk standard nyttas. Statsforvaltaren kan etter søknad akseptere at annan metode blir brukt, dersom verksemda kan dokumentere at den er meir formålstenleg.
- Bruke akkrediterte laboratorium/tenester når prøvetaking og analyse utførast av eksterne.
- Kvalitetssikre egne analyser ved bruk av ringtestar.
- Kvalitetssikre egne målingar jamleg ved verifikasiing av uavhengig tredjepart.
- Redusere usikkerheita ved målingane mest mogleg

Verksemda skal ta vare på alle prøveresultata og anna dokumentasjon frå utsleppskontrollen. Opplysningane skal vere tilgjengeleg ved kontroll eller førespurnad frå forureiningsmyndighetene, jf. forureiningslova § 50.

⁴ Detaljregulering for mellombels kolonneoppstillingsplass – planID 4641_2022001



6 Kjemikal

Med kjemikal meiner vi her kjemiske stoff og stoffblandingar som vert brukte i tiltakshavar, både som råstoff i prosess og som hjelpekjemikal. Slike kjemikal kan til dømes vere groehindrande middel, vaskemiddel, hydraulikkvæske og middel brukte for å hindre brann.

For kjemikal som vert brukte på ein slike måte at det kan føre til fare for forureining, skal tiltakshavar dokumentere at ho har gjort ei vurdering av helse- og miljøeigenskapar til kjemikala på bakgrunn av testing eller annan relevant dokumentasjon. Se også vilkår 3.1 om internkontroll.

Tiltakshavar pliktar å etablere eit dokumentert system for substitusjon av kjemikal. Tiltakshavar skal gjere ei kontinuerleg vurdering av faren for skadelege effektar på helse og miljø valda av dei kjemikala som vert brukte, og av om alternativ finst. Skadelege effektar knytte til produksjon, bruk og endeleg disponering av produktet skal vurderast. Der betre alternativ finst, pliktar tiltakshavar å bruke desse så langt dette kan gå føre seg utan urimeleg kostnad eller ulempe⁵.

Stoff åleine, i stoffblandingar og/eller i produkt, skal ikkje framstillast og seljast, eller bli brukte utan at dei oppfyller krava i REACH-regelverket⁶ og andre regelverk som gjeld for kjemikal.

7 Avfall

7.1 Generelle krav

Verksemda pliktar så langt det er mogleg utan urimelege kostnader eller ulempar å unngå at det blir danna avfall som følgje av tiltaka. Særleg skal innhald av skadelege stoff i avfallet avgrensast mest mogeleg. Kystverket pliktar å sjå til at all handtering av avfall, under dette gjenvinning, blir utført i samsvar med gjeldande regler fastsett i eller i medhald av forureiningslova og avfallsforskrifta.

7.2 Handtering av farleg avfall

Verksemda skal handtere farleg avfall i tråd med avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall.

Farleg avfall som blir lagra i påvente av levering/henting skal lagrast slik måte at det ikkje fører til avrenning til grunn, overflatevatn eller avløpsnett. Lagra farleg avfall skal vere merka og skal ikkje blandast saman med anna avfall. Lagring skal skje i tett container eller under tak på fast dekke. Lageret skal vere sikra mot utedekomande.

Farleg avfall skal leverast videre til godkjend mottak eller behandlingsanlegg minst ein gang per år. Farleg avfall skal deklarerast på www.avfallsdeklarering.no.

7.3 Handtering av slam frå reinseanlegg

Slam frå reinseanlegg frå tunnel vert rekna som næringsavfall som skal handterast i tråd med forureiningslova § 32. Det skal takast prøvar av slammet. Dersom analyser viser at konsentrasjonen av helse- og/eller miljøfarlege stoff ligg under normverdiane gitt i forureiningsforskrifta kapittel, vedlegg 1, så kan massane disponerast i tråd med Miljødirektoratets rettleiar⁷ M-1243. Dersom

⁵Jf. lov om kontroll med produkt og forbrukertenester (produktkontrollova) av 11.06.1979, nr. 79, om substitusjonsplikt § 3a

⁶Forskrift om registrering, vurdering, godkjenning og begrensning av kjemikalier (REACH-forskriften) av 30. mai 2008, nr. 516

⁷Mellomlagring og sluttdisponering av jord- og steinmasser som ikke er forurenset. Miljødirektoratet M-1243/2018



innhaldet over normverdiane, skal massane leverast til lovleg avfallsanlegg.

7.4 Plast

Det skal gjerast tiltak for å avgrense tilførsel av plast til naturen. Det skal veljast dei tekniske løysingane som i størst mogeleg grad minimerer mengda plastavfall frå tiltaket. Det skal gjennomførast opprydding av plast og annet avfall undervegs og i etterkant av tiltaket ved tiltaksområdet og nærliggande områder. Rutinar for dette skal føreligge skriftleg. Oppsamla avfall skal leverast til lovleg avfallsmottak.

8 Kontroll- og overvakingsplan

8.1 Plan for kontroll og overvaking

Det skal utarbeidast ein kontroll- og overvakingsplan for tiltaket. Planen må ha tilstrekkeleg omfang til å avdekke spreiing av forureining frå tiltaket, medrekna kontroll med spreiing av partiklar og plast. Kontroll- og overvakingsplanen skal avdekke eventuelle negative påverknader på naturmiljøet frå anleggsarbeidet. Planen skal oppdaterast i tråd med løyve, entreprenørs anleggsplan, reviderte risikovurderingar og plan for avbøtande tiltak når entreprenør har prosjektert arbeida.

Kontroll- og overvakingsplanen skal sikre at vilkåra i løyvet vert stetta. Den ferdige kontroll- og overvakingsplanen sendes til Statsforvaltaren i forkant av anleggsstart.

8.2 Førebyggjande tiltak

På basis av miljørisikoanalysen skal verksemda, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader, sette i verk dei tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere miljørisikoen. Dette gjeld både sannsynsreduserande og konsekvensreduserande tiltak. Verksemda skal ha ein oppdatert oversikt over dei førebyggjande tiltaka.

9 Rapportering og dokumentasjon

9.1 Rapportering før oppstart

Før anleggsarbeida startar opp skal verksemda sende følgande dokumentasjon til Statsforvaltaren:

- Metode for reinsing av tunnel- og anleggsvatn når entreprenør er valt.
- Måleprogram, jf. vilkår 5
- Kontroll- og overvakingsplan, jf. vilkår 8.1
- Oppdatert miljørisikovurdering

9.2 Sluttrapport

Det skal sendast inn sluttrapport frå arbeida innan seks månader etter at anleggsarbeida er avslutta. Rapporten skal oppsummera anleggsarbeida, og skal innehalde følgande:

- Skildring av gjennomføringa av tiltaket
- Resultat frå utsleppskontroll

⁶ Problemer med plast i sjø ved utfylling av sprengstein i sjø. Miljødirektoratet M-1085/2018



- Samla omtale og dokumentasjon på effekt av avbøtande tiltak som er gjennomførte for å hindre forureining
- Oversikt over uønskte hendingar, merknader og ei skildring av eventuelle avbøtande tiltak som er gjennomførte for å hindra uheldig påverknad på omgjevnadene.
- Dokumentasjon av levering av eventuelt avfall.

10 Tilsyn

Bedrifta pliktar å la representantar for Statsforvaltaren eller andre som har styresmakt, føre tilsyn med verksemda til ei kvar tid.



Vedlegg 1 Liste over prioriterte miljøgifter

Liste over prioriterte miljøgifter, jf. vilkår 2.1.

Utslepp av desse komponentane er berre omfatta av løyet dersom dette går uttrykkeleg fram av vilkår i vilkår 3.

Metall og metallsambindingar:

	Forkortinger
Arsen og arsensambindingar	As og As-sambindingar
Bly og blysambindingar	Pb og Pb-sambindingar
Kadmium og kadmiumsambindingar	Cd og Cd-sambindingar
Krom og kromsambindingar	Cr og Cr-sambindingar
Kvikksølv og kvikksølvsambindingar	Hg og Hg-sambindingar

Organiske sambindingar:

Bromerte flammehemmar	Vanlege forkortinger
Penta-bromdifenyleter (difenyleter, pentabromderivat)	Penta-BDE
Okta-bromdifenyleter (defenyleter, oktabromderivat)	Okta-BDE, octa-BDE
Deka-bromdifenyleter (bis(pentabromfenyl)eter)	Deka-BDE, deca-BDE
Heksabromcyclododekan	HBCDD
Tetrabrombisfenol A (2,2`-6,6`-tetrabromo-4,4`isopropyliden difenol)	TBBPA

Klorerte organiske sambindingar	
Dekloran pluss (syn og anti isomere former)	DP (syn-DP, anti DP)
1,2-Dikloretan	EDC
Klorerte dioksin og furan	Dioksin, PCDD/PCDF
Heksaklorbenzen	HCB
Kortkjeda klorparafin C ₁₀ - C ₁₃ (kloralkan C ₁₀ - C ₁₃)	SCCP
Mellomkjeda klorparafin C ₁₄ - C ₁₇ (kloralkan C ₁₄ - C ₁₇)	MCCP
Klorerte alkylbenzen	KAB
Pentaklorfenol	PCF, PCP
Polyklorerte bifenyl	PCB
Triklorbenzen	TCB
Tetrakloreten	PER
Trikloreten	TRI
Triklosan (2,4,4'-Triklor-2'-hydroksydifenyler)	TCS
Tris(2-kloretyl)fosfat	TCEP

Enkelte tensid	
Ditalg-dimetylammoniumklorid	DTDMAC
Dimetyldioktadekylammoniumklorid	DSDMAC
Di(hydrogenert talg)dimetylammoniumklorid	DHTMAC

Nitromusksambindingar	
Muskxylen	

Alkylfenolar og alkylfenoletoksylat	
Nonylfenolar og nonylfenoletoksylat	NF, NP, NFE, NPE
Oktylfenolar og oktylfenoletoksylat	OF, OP, OFE, OPE
4-heptylfenolar (forgreina og rettkjeda)	4-HPbl
4-tert-pentylfenol	4-t-PP
4-tert-butylfenol	4-t-BP



Dodecylfenol m. isomerar
2,4,6 tri-tert-butylfenol

DDP
TTB-fenol

Per- og polyfluorerte alkylsambindingar (PFAS)

Perfluoroktansulfonsyre (PFOS), inkl. salt av PFOS og relaterte sambindingar	PFOS, PFOS-relaterte sambindingar
Perfluorheksansulfonsyre (PFHxS), inkl. salt av PFHxS og relaterte sambindingar	PFHxS, PFHxS-relaterte sambindingar
Perfluorobutansulfonsyre (PFBS), inkl. salt av PFBS og relaterte sambindingar	PFBS, PFBS-relaterte sambindingar
Perfluoroktansyre	PFOA
Perfluorheksansyre	PFHxA
2,3,3,3-tetrafluoro-2-(heptafluoropropoksy)propionsyre	HFPO-DA
Langkjeda perfluorerte karboksylsyrer C9-PFCA – C14-PFCA	PFNA, PFDA, PFUnDA, PFDoDA, PFTrDA, PFTeDA

Tinnorganiske sambindingar

Trityltinnsambindingar	TBT
Trifenyltinnsambindingar	TFT, TPT
Dibutyltinnsambindingar	DBT
Dioktyltinnsambindingar	DOT

Polysyklike aromatiske hydrokarbon

PAH

Ftalat

Dietylheksylftalat (bis(2-etylheksyl)ftalat)	DEHP
Benzylbutylftalat	BBP
Dibutylftalat	DBP
Diisobutylftalat	DIBP

Bisfenol A

BPA

Silosan

Dodekamethylsykloheksasilosan	D6
Dekametyl syklopentasilosan	D5
Oktametyl syklotetrasilosan	D4

Organiske UV-filter

2-Benzotriazol-2-yl-4,6-di-tert-butylphenol	UV-320
2,4-di-tert-butyl-6-(5-chlorobenzotriazol-2-yl)phenol	UV-327
2-(2H-benzotriazol-2-yl)-4,6-ditertpentylphenol	UV-328
2-(2H-Benzotriazol-2-yl)-4-(tert-butyl)-6-(sec-butyl)phenol	UV-350
3-benzylidene-1,7,7-trimethylbicyclo[2.2.1]heptan-2-one	3-BC



Statsforvalteren i Vestland

Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Vår dato:

31.05.2024

Vår ref:

2023/16447

Deres dato:

07.05.2024

Deres ref:

Saksbehandler, innvalgstelefon
Magne Nesse, 5557 2335

Løyve etter forureiningslova til anleggsarbeid med å oppgradere Fv. 50 Vassbygdtunnelen i Aurland til Vestland fylkeskommune

Statsforvaltaren gjev Vestland fylkeskommune løyve etter forureiningslova til utslepp i samband med anleggsarbeida knytt til oppgradering av Fv. 50 Vassbygdtunnelen i Aurland. Løyvet er gjeve med heimel i forureiningslova § 11.

Statsforvaltar vurderer at utslepp av vatn frå vask av ferdig tunnel via sandfang ikkje fører til nemneverdig skade eller ulempe og treng ikkje eige løyve etter forureiningslova, jf. lovas § 8 tredje ledd.

Vi viser til opprinnlege søknad datert 8. mars 2024 og oppdatert søknad datert 7. mai 2024. Søknaden omtaler utslepp under anleggsarbeida og i driftsfasen frå ferdig tunell.

Vedtak

Statsforvaltaren gjev Vestland fylkeskommune løyve etter forureiningslova til utslepp i samband med oppgradering av Fv. 50 Vassbygdtunnelen i Aurland. Løyvet er gjeve med heimel i forureiningslova § 11. Løyve er gjeve på spesifikke vilkår som er lista opp i eige vedlegg.

Statsforvaltar vurderer at utslepp av vatn frå ein årleg vask utan bruk av såpe via dei nye ca. 10 sandfanga ikkje fører til nemneverdig skade eller ulempe og treng ikkje eige løyve etter forureiningslova, jf. lovas § 8 tredje ledd. Vi forutsett at fylkeskommunen tømmer sandfanga etter behov slik at deira reinseffekt vert opprettheldt.

Vedtak om gebyr for sakshandsaming

Statsforvaltaren tar gebyr for arbeid med løyve og kontroll etter forureiningslova. På bakgrunn av Statsforvaltarens ressursbruk i saka, tek vi gebyr etter sats 5, 74 800 kroner, for handsaming av søknaden, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-3 og 39-4. Det har vore fleire rundar med oppdatert søknad så timebruken vår vart høgare enn normalt. Faktura vert sendt frå Miljødirektoratet. Sjå forureiningsforskrifta kapittel 39 for å lese meir om sakshandsamingsgebyret.

Omtale av søknaden og tiltaket


Vassbygdtunnelen vart opna i 1967, og ligg i Aurland kommune. Tunnelen hadde i 2022 ein årsdøgntrafikk på 500. Tunellen er 1 058 meter lang. Den har eitt tunnelløp med to køyrefelt,



kørebane breidda er ca. 5,4 meter med 0,25 meter skulder på begge sider slik at total veggbreidde er 5,9 meter. Tunnelen skal oppgraderast til dagens standard, med ny bergsikring og vatn- og frostsikring. Det skal leggjast ny overvassleidning i tunnelen med sandfang kvar 80 meter. Overvassleidninga har dimensjon 200 mm i starten aukande til 250 mm ved utløp tunnel.

Anleggsvatn/tunnelvatn

Arbeida omfattar mellom anna utsprenging av 3 700 faste m³ og reinsing av tunnelvatnet før utslepp til Vassbygdevatnet. Utslepp av tunnelvatn er estimert å vare i 6 månader. Det er venta at anleggsvatn vert slept ut på austsida av tunnelen, men det kan også skje at anleggsvatn kjem ut på begge sider. Endelige detaljar for storlek og plassering av reinseanlegg mm. skjer etter at entreprenør er kontrahert.



Figur 1 Oversiktskart som viser Vassbygdvatnet og Vassbygdtunnelen.

Arbeider i dagsone

Rekkverket utanfor tunnelen på austsida skal skiftast ut på ein om lag 100 meter lang strekning. Det skal tilførast fyllmassar før nye peler vert sett ned. Arbeida vert utført i kort avstand frå Vassbygdevatnet med bratt skråning mot innsjøen, noko som aukar risikoen for avrenning frå byggjeområdet. Partiklar og potensielt forureina massar skal ikkje spreiaast til recipienten under arbeida. Entreprenøren skal ha siltduk tilgjengeleg for raskt å kunne setje i verk tiltak for å hindre vidare spreying til og i Vassbygdevatnet.

Avrenning frå riggområde

Det er planlagt å etablere riggområde. for arbeida på Vassbygdtunnelen.. Riggområdet ligg aust for prosjektområdet ved ein mindre bekk som renn ut i Vassbygdevatnet, figur 2.

Avrenningsvatnet frå riggområdet vil kunne innehalde olje, drivstoff og kjemikaliar frå anleggsmaskiner i samband med søl/lekkasje av drivstoff og hydraulikkolje, frå tapping og påfylling av drivstoff på anleggsmaskiner, samt frå lekkasje frå mobile drivstofftank og kjemikalietankar. Det må gjennomførast tiltak for å førebyggje slike hendingar.


Tankar som blir nytta til lagring av drivstoff for anleggsmaskinene skal vere tilstandskontrollerte og godkjende. Tankar skal vere dobbeltvegga eller ha ein form for oppsamlingsarrangement som rommar heile tankens volum. Dei skal plasserast på tett, fast dekke og ha ein form for påkøyrselsvern.



Det skal lagrast absorbentar i anleggsmaskinene og i HMS-container i nærliken av anleggsarbeida. Alle maskiner skal vere utstyrte med QR-kode og vere registrerte i maskinregisteret. Det må etablerast eit system og rutinar for å sikre at fylling og tapping av drivstoff og olje i anleggsfasen skjer på ein sikker måte, slik at oljesøl ikkje oppstår. Spilloppsamlingsplate/oppsamlingsplate eller absorberande matte skal leggjast under påfyllingspunktet for å absorbere eventuelt søl og spill under påfyllinga.

Kjemikalietankar skal plasserast inne i tette kjemikaliecontainarar, merkast tydeleg med produktnamn og registrerast i stoffkartoteket. Sikkerheitsdatablad (HMS-datablad) for aktuelle kjemikaliar skal vere samla i eit stoffkartotek og tilgjengeleg for alle på byggeplassen. Stoffkartoteket skal haldast løpende oppdatert med kva som finst av kjemikaliar på byggeplassen.

Entreprenøren skal ikkje nytte produkt som inneheld stoff på Miljødirektoratets prioritetsliste eller stoff på REACH-kandidatliste. Det skal utførast risikovurdering og substitusjonsvurdering av alle kjemikaliar som skal nyttast på anleggsplassen. Helse- og miljøskadelege kjemikaliar skal unngåast, og entreprenøren skal i størst mogleg grad nytte biologisk nedbrytbare oljeprodukt (t.d. hydraulikkoljer, smøreoljer).




Figur 2 Plassering av riggområdet for prosjektet markert med rød sirkel

Mellombels deponi for lagring av overskotsmassar

Det vert òg søkt om bruk av mellombels deponi for overskotsmassar på nedsida av E16 mot Aurlandselvi gnr. 30/1 (figur 1). Eit areal som skal nyttast av Statens vegvesen i samband med planlagd renovering av Lærdalstunnelen (5 års anleggsperiode - start 2025). Arealet skal nyttast til oppstillingsplass for køyretøy i samband med periodevis stenging av Lærdalstunnelen. Etter at anleggsarbeidet i forbindelse med oppgraderinga av Lærdalstunnelen er avslutta, vert oppstillingsplassen fjerna og området skal tilbakeførast som beiteområde, slik det er i dagens situasjon.

Detaljreguleringsplanen har vore på høyring og er forventa vedteken i september 2024 (Jan Olav Møller, Aurland kommune pers. medl.).



Figur 3 Mellombels oppstillingsplan langs E16. Området som er peika ut for mellombels deponi for jord og steinmassar som vert grave/ sprengt ut i samband med oppgradering av Vassbygdtunnelen er markert med raud figur

Sprengsteinsmasser og gravemassar skal lagrast separat på tett dekke med ei form for oppsamling av avrenningsvatnet, noko som er kritisk når det mellombelse deponiet er lagt så nær vassdraget. Dei mellombels lagra massane skal tildekkast for å hindre infiltrasjonsvatn og avgrense avrenninga frå massane. Avrenningsvatnet som vert samla opp, skal reinsast gjennom eit reinseanlegg (sedimentasjonscontainer) og rutinemessig prøvetakast før vidare utslepp.

Avrenninga vert påverka i stor grad av terrengskråninga. Området for deponiet heller mot Aurlandselvi, noko som aukar potensialet for avrenning til recipienten. Med tanke på avrenning av partiklar frå deponiet er det sterkt tilrådd at det vert etablert avskjæringsgrøfter rundt arealet avsett for deponi. Vatn frå deponiet skal reinsast før tilkopling til offentleg nett eller utslepp til recipient.

Det er tilrådd å setje opp ein fleirkammer sedimentasjonscontainer for reining av partiklar (suspendert stoff) og partikelbunden forureining (tungmetall og organiske forbindelsar). Det skal òg vere ein oljeutskiljar i beredskap som skal koplast på reinseanlegget dersom det vert avdekt olje i anleggsvatnet. Anlegget skal dimensjoneraast med containerar av tilstrekkeleg storleik.

Reinsa avrenningsvatn frå mellombels lagringsområde skal jamleg overvakast med prøvetaking. For rensa vatn vil det verta analysert for eit breitt spekter av stoff. Parametrane vatnet er tilrådd å analysere for er vist i tabell 1. Det er viktig at rensa vatn vert analysert for innhald av nitrogenforbindelsar (Tot-N, ammonium og nitrat) då avrenningsvatn frå sprengsteinsmasser vil innehalde forhøgde nitrogennivå frå sprengstoff.

Stoff	
Suspendert stoff	Kadmium
pH	Krom
Sum PAH16	Nikkel
Sum PCB7	Kvikksølv
Sum BTEX	Arsen
Olje, THC (>C10-C40)	Bly
Nitrogenforbindelser (Tot-N, ammonium og nitrat)	Kobber
Sink	

Figur 4 Analyseparametere for vatnprøver



Det vert føreslått at det i dei første vekene vert teke prøver kvar veke for å kontrollere at grenseverdiane vert overhaldne og reinseløysinga er tilstrekkeleg.


Utslepp frå driftsfase (ferdig tunnel) av vaskevatn

Sidan tunnelen har ein ÅDT på 500, så er det krav om ein årleg vask med vassforbruk på ca. 150 m³. Det vil ikkje bli brukt såpeprodukt i vaskevatnet. Det er derfor vurdert som tilstrekkeleg å samle opp overvatnet (vaskevatn og driftsvatn) frå tunnelen, via overvassleidning med sandfang og vidare direkte til utslepp i Vassbygdvatnet. Utsleppsleidningen til resipienten vert etablert slik at den ligg på ein akseptabel djupne i vatnet. På bakgrunn av lågt trafikktal og avgrensa vask utan bruk av såpe vil utslepp av vatn frå årlege vasking ha liten betydning Vassbygdvatnet.

Høyring

Aurland kommune gjorde oppmerksam på det kommunale vassinntaket øvst i Aurdalselvi ca. 2,5 km nedstraums utsleppa frå dette tiltaket og søknaden vart send på høyring til Mattilsynet som styresmakt etter drikkevassforskrifta.

Søknad var til offentleg høyring med forlenga høyringstid til 16. mai 2024. Vi mottok uttale frå Mattilsynet 7. mai 2024 og Aurland kommune 23. mai 2024.



Figur 5 Drikkevannsbrønner for Aurland vannverket markert med raud ring

Aurdalselvi nedre (072-101-R) er hovudvassforsyning til Aurland og reserve-vassforsyning til Flåm. I NGUs kartteneste for brønnar er det registrert to lausmassebrønnar knytt til Aurland vassverk. I Vannnett er det i tillegg registrert eit beskytta område for grunnvatn som blir brukt til forsyning rundt dei to grunnvassbrønnane. Vassverket forsyner 800 menneske, med litt auka tal i turistsesongen. Sweco



vurderer at utsleppa får anlegget og i driftsfase at utsleppa i anleggs- og driftsfase ikkje vil medføre negativ konsekvens for vasskvaliteten til Aurland vassverk.

Mattilsynet skriv i sin uttale at dei tek Swecos konklusjon til etterretning. Mattilsynet stiller spørsmål til kvifor utslepp frå anleggsarbeida i tunnel og frå riggområde ikkje skal overvakast med prøvetaking, slik det er lagt opp til frå det mellombels deponiet.

Aurland kommune (23. mai 2024) og [tiltakshaver kommentar i blå skrift](#) (29. mai 2024) Sitat:

Det må søkjast om utsleppsløyve både for anleggsfasen og driftfasen Fv 50 Vassbygdtunelen. -forurensningsforskriftens kapittel 15 om krav til utslipp og påslipp av oljeholdig avløpsvann. Sweco anbefaler (Sweco S 14) direkte utslepp til recipient etter sandfang. Dette er i strid med Aurland kommune si vurdering som inneber reinsing før utslepp til recipient, minimum oljeutskiljar etter sandfang

(NIVA 7029-2016 S 13) For vaskevatn frå tunnelar vert det tilrådd reinsetiltak før utslepp, uavhengig av ÅDT og vassførekomsten si sårbarheit. Ved rehabilitering av gamle tunellar som manglar reinseløsingar kan sårbarheitsvurderinga, saman med ÅDT, nyttast til å prioritera kva stadar det bør byggjast permanente reinseløsingar (Torp & Meland, 2013).

[Tiltakshaver] mener at ÅDT på 500 er svært lav og tunnelvask en gang per år er ikke så alvorlig at det kreves permanent renseløsning. I tillegg skal dagens situasjon ikke endres (ÅDT, vaskerutiner) og vassdraget har i dag god kjemisk tilstand så [tiltakshaver] mener at det er ikke rimelig å etablere permanent renseløsning fra en økonomisk perspektiv

I samandrag for recipient vurderinga skriv Sweco følgjande: (Sweco rapport Vassbygdvatnet)
«Vaskevannet skal først føres gjennom det kommunale overvannssystemet og sandfang før det slippes ut på Vassbygdvatnet».

- Aurland Kommune vil her minne om at det ikkje finst kommunalt overvasssystem i eller ved Vassbygdtunnelen.

Dette har blitt endret i den siste revisjonen 26.04.2024. Så kommentaren er ikke lenger relevant

Statsforvaltarens si vurdering og grunngjeving

Rettsleg grunnlag

Etter forureiningslova § 7 må ingen setje i verk noko som kan medføre forureining utan at det er lovleg etter unntaksreglane i § 8, er regulert i ei forskrift etter § 9, eller er tillate etter vedtak i medhald av § 11. Hovudregelen i lova er at mellombels anleggsarbeid er lovleg utan løyve når forureininga frå anleggsarbeidet er vanleg, jf. forureiningslova § 8 første ledd punkt 3. Fare for forureining og negativ påverknad på nærliggande naturverdiar er eksempel på tilfelle som ikkje blir rekna som vanleg forureining. Utsleppa skal skje til ferskvatn med kommunalt vassverk nedstraums og Aurlandselvi som er anadromt vassdrag. Statsforvaltaren har vurdert forureiningspotensialet og funne at tiltaket krev løyve etter forureiningslova § 11.

Prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 til 12 og vassforskrifta § 12 er lagde til grunn som retningslinjer ved skjønnsutøving etter forureiningslova.



Kommentar til høyringsuttalene

Statsforvaltaren vurderer at utsleppet av vaskevatn frå ein årleg vask utan bruk av såpe i ein tunnel med ein ÅDT på 500 utstyrt med nye minst 10 sandfang (1 058 meter – sandfang kvar 80 meter) kan skje slik det er omsøkt. Det å få etablert sandfang med dykkert held tilbake finstoff/sand i botn og evt. lekkasje av olje/bensin i toppen av sandfanget vurderer vi reduserer fare for forureining til eit akseptabelt nivå. Vi forutsetter at fylkeskommunen tømer sandfanga etter behov slik at deira reinseffekt vert opprettheldt. Forureiningsforskrifta kapittel 15, som kommunen refererer til, og der kommunen er styresmakt, gjeld ikkje for utslepp frå tunnelar.

Avgrensing mot plan og bygningslova

Statsforvaltaren kan ikkje gje løyve etter forureiningslova § 11 dersom dette er i strid med endelige planer etter plan- og bygningslova så bruk av mellombels deponiområde kan ikkje skje før detaljreguleringsplan er vedteken.

Vurdering av søknaden

Fylkesmannen vurderer at søknaden med tilhøyrande dokumentasjon er i samsvar med forureiningsforskriftas § 36-2, som set krav til innhald i søknader om løyve etter forureiningslova. Statsforvaltaren meiner å ha tilstrekkeleg informasjon til å kunne fatte vedtak i saka.

Utslepp til vatn og elv

I vilkåra set vi grenseverdiar for suspendert stoff og olje i det reinsa vatnet frå utslepp av anleggsvatn/tunnelvatn frå sprenging inne i tunnelen og frå avrenning frå det mellombels deponiet nede ved Aurdalselvi. Vi set grenseverdi for reinsa vatn som suspendert stoff og olje til hhv: 100 mg/l og 5 mg/l. Sidan akkreditert metode for suspendert stoff må baserast på stikkprøver, skal utsleppa også målast kontinuerleg for turbiditet.

Utslepp av olje mv i større omfang vil være knytt til uhell/lekkasjar på maskiner og utstyr under anleggsarbeidet. Det må etablerast rutinar for påfylling av drivstoff, vedlikehald av maskinpark m.m. for å redusere forureining til recipient. Ved eventuelle punktutslepp av olje, skal mest mogleg samlast opp på staden. Absorbentar skal være tilgjengeleg der slik forureining kan oppstå.

Vi tek inn krav om prøvetaking i vilkåra av andre miljøgifter som er lite sannsynleg vil finnast i skadelege konsentrasjonar i utsleppsvatnet som ein sikkerheit. Dette er i samsvar med søknaden. For tungmetall og andre miljøgifter skal øvre grense i tilstandsklasse 3 (< PNECakutt) i tabell 3.24 i M608¹ prøvast å haldast. Ved registrering av konsentrasjonar over klasse 3 skal det gjerast vurderingar og eventuelle tiltak for å kartlegge årsaka til dette, samt føreslå tiltak for å redusere forureiningsgraden.

Nitrogen og pH

Sprenging ved driving av tunnel vil kunne føre til utslepp av nitrogensambindingar frå sprengstoff som ikkje vert omsett. Sprengstoffrestar inneheld i hovudsak ammonium (NH_4^+) og nitrat (NO_3^-). Ammonium og ammoniakk (NH_3) vil ved nøytral pH vere i likevekt der mesteparten ligg føre som NH_4^+ . Dersom pH er høg ($> 8-9$) vil likevekta verte skyvd mot høgre, dvs. at mesteparten ligg føre som NH_3 , som er akutt giftig for vasslevande organismar. Utslepp av nitrogensambindingar vil i tillegg ha ein gjødslande effekt.

Forholdet mellom fri ammoniakk og ammonium er avhengig av både temperatur og pH. Bruk av cementprodukt til sikringsarbeid kan resultere i tidvis høge pH-verdiar ($\text{pH} > 8-9$) i anleggsvatnet. Det

¹ Grenseverdier for klassifisering av vann, sediment og biota. Miljødirektoratet



er vanskeleg å reinse nitrogenrestar, og justering av pH vil vere avgjerande for om det vert danna ammoniakk. Vi stiller derfor grenseverdi for pH på 6 – 8,5 ut frå reinseløysningane. Det skal etablerast eit system for kontinuerleg måling av pH.

Statsforvaltaren krev tilsendt oppdatert miljøriskovurdering, kontroll- og overvakingsplan, dimensjonering og plassering av reinseanlegg og framdriftsplan for tiltaka når val av entreprenør for tiltaka er bestemt jf. vilkår 9.1

Vurdering etter naturmangfaldlova og vassforskrifta

Krav til kunnskapsgrunnlaget er etter vår vurdering oppfylt, jf. naturmangfaldlova § 8. Sidan vi vurderer kunnskapsgrunnlaget som tilfredstillande, vil ikkje føre-var-prinsippet i § 9, verte nytta. Vi har teke omsyn til økosystemet og den samla belastninga i naturmangfaldlova § 10 gjennom vurderingar som ligg til grunn for krava som er sett i vilkåra i løyvet. Naturmangfaldlova § 11 påpeiker at det er tiltakshavar som skal bære kostnadene til avbøtande tiltak. Dersom det er naudsynt med driftsstans på anlegget for å unngå uakseptabel grad av forureining som følgje av anleggsverksemda, vil denne meirkostnaden også reknast som i samsvar med § 11. Vi krev også at det skal nyttast dei beste mogleg tekniske løysingane som ut frå ei kost/nytte-vurdering gjev best mogleg resultat for miljøet, jf. § 12.

Miljømålet i vassforskrifta er at alle vassførekomstar skal oppnå minst god økologisk og kjemisk tilstand. Ein forverring av ein vassførekomst kan ikkje tillatast dem mindre det er mogelegheit til å gje unntak, jf. vassforskrifta § 12. I denne saka legger Statsforvaltaren til grunn at tiltaket vil gje ein midlertidig påverknad og at tilstanden i recipientane vil bli gjenopprettet når utsleppet tek slutt. Vi meiner at med dei avbøtande tiltak og vilkår som er sett i løyvet, så vil tiltaket ikkje føre til at økologisk og kjemisk tilstand vert forverra. Krava i vassforskrifta er difor ikkje til hinder for å gje løyve etter forureiningslova.

Endring og omgjering

Vi vil påpeike at all forureining frå verksemda isolert sett er uønskt. Sjølv om utsleppa er innanfor dei fastsette grensene, pliktar verksemda å redusere utsleppa så langt som mogleg utan urimelege kostnader. Det same gjeld utslepp av komponentar det ikkje er satt grenser for gjennom særskilte vilkår.

Verksemda er pliktig til å unngå unødvendig forureining, jf. forureiningslova § 7. Viser det seg at forureiningsforholda endrar seg, kan Statsforvaltaren med heimel i forureiningslova § 18 endre vilkåra i løyvet og setje nye vilkår, og om nødvendig trekkje løyvet tilbake. Endringar skal vere basert på skriftleg sakshandsaming og ei forsvarleg utgreiing av saka. Ein endringssøknad må difor sendast i god tid før ei eventuell endring kan gjennomførast.

At vi har gjeve løyve til forureining fritar ikkje erstatningsansvar for skade, ulemper eller tap som forureininga har ført til, jf. forureiningslova § 56. I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, pliktar verksemda å overhalde forureiningslova og produktkontrollova med tilhøyrande forskrifter. Nokre av forskriftene er nemnde i løyvet. For informasjon om andre reglar som kan vere aktuelle for verksemda viser vi til heimesida til Miljødirektoratet, www.miljodirektoratet.no. Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79.

Brot på krav som følgjer direkte av forureiningslova og produktkontollova med tilhøyrande forskrifter er òg straffbart.



Rett til å klage

Partane involvert i saka og andre med særleg interesse kan klage innan tre veker frå verksemda har mottatt dette brevet, jf. forvaltningslova § 28. I ein eventuell klage skal det gå klart fram kva klagen gjeld, og kva endringar ein ønskjer. Klagen bør vere grunngjeven og skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland. Klageinstans er Miljødirektoratet.

Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket blir utsett. Statsforvaltaren eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding, eller på eige initiativ, avgjere at vedtaket ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klagen er avgjord. Ei slik avgjerd kan det ikkje klagast på.

De kan også klage på vedtaket om gebrysats, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Ein eventuell klage skal vere grunngjeve, og han må sendast til Statsforvaltaren i Vestland innan tre veker. Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at vedtaket blir utsett. Verksemda må difor betale det fastsette gebyret. Dersom Miljødirektoratet godtar klagen, vil overskotsbeløpet verte refundert.

Med helsing

Sondre Kaastad Sørsdal
rådgjevar

Magne Nesse
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg: Løyvets vilkår

Kopi til:

Aurland kommune
Mattilsynet

Vangen 1
Postboks 383

5745
2381

AURLAND
BRUMUNDAL